

Marit Silje Årnes Husabø

Emne: VS: Fylkeskryssande bussruter

Fra: Arnstein Menes

Sendt: 12. februar 2014 20:21

Til: Åshild Johanne Høivik Kjelsnes

Kopi: Jenny Ellaug Følling; Tore Eriksen; Hovudutval for samferdsle (HS)

Emne: Fylkeskryssande bussruter

Hei.

Fylkeskryssande bussruter har vore eit tema for Samferdsleutvalet dei to siste åra.

I møtet 12. februar, hadde me oppe sak 9/14, der me gjorde følgjande vedtak:

- 1. Sogn og Fjordane fylkeskommune vidarefører sin produksjon på Hol-Aurland, Maurstad-Åheim og Folkestad-Nordfjordeid.*
- 2. Sogn og Fjordane fylkeskommune vidarefører avgangen Stryn kl. 15.35 – Volda m/retur kl. 17.00 på fredag og søndag.*
- 3. Sogn og Fjordane fylkeskommune må ta eit nytt initiativ ovanfor samferdsledepartementet og nabofylka for å få på plass eit overordna samarbeid om fylkeskryssande ruter.*

Administrasjonen har i sin nettverk med andre fylkeskommunar, gjennom til dømes Kollektivtrafikkforeninga teke opp problemstillinga fleire gonger.

HS sende 28. oktober ei bekymringsmelding til Samferdsledepartementet, med negativ respons.

HS er ikkje nøgde med situasjonen, og kan difor ikkje godta svaret som kom frå departementet.

HS ber difor Fylkesordføraren om følgjande:

1. Saka bør diskuterast i FU.
2. Saka bør vidare takast opp i Vestlandsrådet.
3. Det bør takast initiativ til eit opprop frå alle fylkeskommunar der ein løftar utfordringa for den politiske leiinga i SD.

Administrasjonen på Samferdsle vil utarbeide eit notat som kan nyttast som grunnlag for diskusjonane i FU, og som alle medlemmer av Fylkestinget kan nytte i sine samtalar med sentrale politikarar.

Tema bør truleg og takast opp som tema i møte med Stortingsbenken.

Med venleg helsing

Arnstein Menes

Leiar

Hovudutval for samferdsle

Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Mobil: 41672733

E-post: arnstein.menes@sfj.no